

BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik



Nr. 1 | mars 2024 | Årgang 66



Maleri av Rafael, Lo Spasimo, viser Jesus som fell på vegen til Golgata. Det er å sjå i Museo del Prado, Madrid. (Italiengar, levde frå 1483 til 1520)



Høyr nynorsk
påskesalme

God påske!

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

Ulvik kyrkjekontor:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyeni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiar/kyrkjeverje:

Willemina van Manen, tlf. 56 52 68 00 / 958 04 217

Wm953@kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk, tlf. 967 42 927, ebryk@interia.pl

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Berge Aarvik, tlf. 452 28 287,

tiljorunn@gmail.com

Søndagsskulen: Linda Van Moere, tlf. 943 85 859

Babysong: Kjersti Johanne Nybø, tlf. 916 02 028

Soknerådsleiar: Unni Solem, tlf. 905 13 446

Eidfjord kyrkjekontor:

Lægreidsvegen 24, 5783 Eidfjord, tlf. 53 66 52 51

Kyrkjeverje: Tone Felle Nesheim,

tone@eidfjordkyrkje.no

Assisterande kyrkjeverje: Irene Viveli,

irene@eidfjordkyrkje.no

Organist: Kris Ulita, kris@eidfjordkyrkje.no

Kyrkjetenar: Christian Bouvain,

christian@eidfjordkyrkje.no

Barne- og ungdomsarbeidar

Manuela Bjotveit, manuela@eidfjordkyrkje.no

Diakoniarbeidar og klokkar: Ingeborg Wijland,

ingeborgwijland@gmail.com

Soknerådsleiar: Kari Tveit Hovland, tlf. 913 86 874

Sokneprestar:

Eidfjord: Johannes Pettersen,

tlf. 53 66 52 51 / 913 40 828,

johannes@eidfjordkyrkje.no

Ulvik: Anne Marthe Ulvik, tlf. 924 35 096, au237@

kyrkja.no

Eller kontakt: Voss kyrkjekontor – prosten,

tlf. 56 52 38 80

Redaksjon for kyrkjebladet:

Kari Hovland, Ann Kristin Steinhovden Wathne,

Manuela B. Bjotveit, Willemina van Manen, Unni

Solem og Finn Johan Gjerde.

KONTONUMMER: 3626 26 78029

VIPPS: 593359

Bladpengar for 2024 kr 200,-

Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar og

gåver til kyrkjebladet.

**Takk til alle gode støttespelarar i
Eidfjord og Ulvik!**



Detalj av Da Vincis Nattverden

«Salme» av Jakob Sande

Du som låg i natti seine
Sorgtung vanvørd og aleine
Skjelvande på såre kne
Du som skåli trufast tømde
medan alle dine rømde
Stridsmann frå Getsemane

Du som spotta vart og banna
Kront med klungerkrans om panna
Medan augo brann i sorg
Du som stod i namnlaus pine
Skild frå dei du kalla dine
Einsam i Pilati borg

Du som hekk til krossen nagla
Medan blodut sveitte hagla
Frå di panne då du sa:
«Fader, kvifor gjekk du frå meg?»
Å lat nådens blodstraum nå meg!
Offerlam frå Golgata

Lær mi sjel kor du laut lida
Syn meg såret ditt i sida
Styrk og nør mi veike tru
Syn meg dine merkte hender
Så eg frelst mitt auga vender
Opp til deg på krossen du



Illustrasjonar frå Jesu liv

Konfirmantar 2024

ULVIK KYRKJE

12. MAI KL. 11.00

Hedda Halstengård

Martin Syse Hole

Ann Elin Uppheim Aabol

Even Opheim

Brynjar Thorbjørnsen

Emma Saathoff Krüger

Marius Bergo Nielsen

EIDFJORD KYRKJE

4. MAI KL. 12.00

Adrian Voll Låte

Alan Koziara

Alissa Røise

Helena Hereid Medhus

Marthinus Næss Soleim

Stine Marie Sæd Ibanez

Trym Sæbø Myklatur

Nyttårsforedag Bjørgvin biskop

Rom for – Tru – Identitet – Motkraft – Medkjensle

TEKST: BISKOP RAGNHILD JEPSEN
BILETE: DEN NORSKE KYRKJA

TRU - Vi menneske treng rom til å bevege oss i, å puste i, å vere frie. Uansett kor trøgt vi bur, eller korleis våre ytre tilhøve er; - vi treng å bli gjevne livsrom. Å tru er eit slikt livsrom. I vår folkekyrkje meiner eg det er ei av kyrkja sine viktigaste oppgåver i vår tid å uttrykke menneskets djupner gjennom tru, og å gjere synleg at mangfald gjer oss rikare. Sidan vigslinga i april har eg vore heldig og fått feire gudstenester mange stader i bispedømet. Det er noko av det viktigaste biskopen gjer saman med kyrkjelydane, og det er noko av det viktigaste vi gjer som Guds kyrkje på jorda! Og eg har fått oppleve å bli innlema i folk si tru på Jesus, i stadeigne uttrykk for ei mangfaldig tru, der kvalitet og medvit om tradisjon og fornying er det som formar fellesskapa, og der ulikheit og lokalt preg skapar ein heim i kyrkja. Eg har vore i alle 11 prostia i bispedømet. Det har vore så fine møte med stabar og frivillige, og det gjev god opptakt til vidare kjennskap og venskap.

Det tok til i Dale i Sunnfjord nokre heilt utruleg vakre dagar i juni. Rhododendronen blømde og snøen låg kvit på fjella. Eg trur Gud må ha hatt ein plan med å ta meg hit på

«Jomfruturen». (Eller kanskje det var stiftsdirektøren som ville sikre seg at den nye biskopen umiddelbart vart

forgapa i bispedømet.) I alle fall sa vi at Gud verkeleg heldt fest i Fjaler denne søndagen, då ordføraren gjekk med i prosesjonen med kjede på, og husmorlaget hadde smurt brødsriver sidan klokka åtte om morgonen for å sikre at alle skulle bli mette. Vi var også i Jølster og på Kinn, og eg opplevde at forventninga var like sterk frå kyrkjelydane til meg, som frå meg til kyrkjelydane. Slikt er godt å kjenne! Og slik kunne eg ha teke dykk med gjennom heile bispedømet. - Til sist i november, då vi på ein skikkeleg uvørsdag tok oss over fjellet til Nordsida i Stryn. Der har ei kyrkje i femti år klamra seg fast ut på pynten, med det som må vere det vakraste utsynet ein har frå noko kyrkjebygg i Noreg. Eg fekk det med meg i ca. fem sekund mellom to snøbyger. Av tilfeldige grunnar har eg vore tre gonger i Knarvik kyrkje og fått feire gudsteneste i dette signalbygget som ligg øvst på knausen i den nyutbygde tettstaden nord for Bergen. Og som er eit hus som folk har mykje meiningar om, har eg skjøna. Eg høyrer til dei som synest det er ei vakker kyrkje, funksjonell og med ein signatur som raskt har gjort henne til ein del av lokalsamfunnet.

Fyrste gongen eg var der, vart eg sitjande og sjå på det fargerike «rosevindauget» bak altaret. Med Kristus sentrert midt i biletet. Og rundt: Glasmåleria av fiskaren i båten som dreg opp garnet; havet, sjøfuglane, sommarfuglen og plantene. Organisten





Biskopen talte på nyttårsmottakinga.

var så løyndomsfull om kva han skulle spele som postludium. Han ville ikkje seie kva det var, men sette seg ved flygelet og slo an vakre tonar. Det tok litt tid før eg høyrde kva han spela. Men så skjøna eg det. Det var «Dar kjem Dampen».

Og eg vart så rørt - og berørt. For eg kjende: Slik har trua fått utforme seg i dette samfunnet.

Som på albertavla: Med Kristus midt i livet. Med båten som livlinja mellom folk; med naturen og havet som avgjerande for livsvilkåra, med handel og utveksling av varer, med nyhende og alt som angår det menneskelege livet av sorg og glede, utfordringar og lukke, tvil og tru.

Frå andre stader i bispedømet vil vi høyre andre tonar og finne andre ord. Då eg var prest i Hamar bispedøme, fann vi alltid fram Børli, Skjæraasen og Prøyen for å gje ord til tru, både den skjulte og den bramfrie. I Nidaros hadde vi Duun og Bojer og forteljingane om Heilag Olav og hans verke på jorda. På Sørlandet har dei Vilhelm Krag. Og her hjå oss – her må vi gje kvarandre frimod til å finne ord som kan skildre vår tvil og tru, slik den er forma av vilkåra vi lever under. Og difor – orda frå Ivar Medaas! Og vi har Olav H. Hauge, Jakob Sande, Jon Fosse. Eg vil gjerne vere med og tenkje om korleis tru kan finne sine uttrykk hjå oss i tida vi er i og her vi bur og trur. Og korleis vi utviklar eit språk om tru som taler til menneska i vår tid, unge og gamle. Eg trur det er naudsynt at vi alltid er opptekne av å finne uttryksmåtar som kommuniserer med menneska no. Det har Guds kyrkje på jorda alltid gjort, - det er difor ho er livskraftig framleis i dag!

IDENTITET – Nokre av dei viktigaste identitetsmerka vi har i vår kultur, er kyrkjehusa våre. Over heile landet står dei i våre byar og bygder som vitnemål om fellesskap og historie, og samlar oss også utover å skape tilhøyre til eit trussamfunn. Dei gjev atterklang i oss om kollektive minne; dei er vår felles og nedarva minne om slekt og samkjensle, om dagar av glede og dagar med sorg. Ja, dei gjev resonans til oss som berar av ein kristen humanistisk arv, der våre liv, og våre forfedrar sine liv, er tolka og sette inn i ramma av ei gudstru, og med rituale som

femner om menneskelivet frå fødsel til død; det individuelle og det kollektive.

Men ikkje berre frå fortida er kyrkjene berar av slike minne. Også i dag ser vi at menneske søker til kyrkjene i glede og i fortvilning. Symbola vi omgjev oss med, er naudsynte og gjev meining. Vi såg det i haust etter ei tragisk bilulukke i Florø, korleis ungdomar søkte til kyrkjene for å tenne lys og for å vere saman. Vi ser det når familiar kjem til kyrkja med dåpsbarna, med konfirmantane; for å takke for livet og for å følgje sine kjære til den siste kvila. Ikkje berre har vi romma og symbola. Vi forvaltar også språk, rituale og kompetanse, der våre tilsette er utdanna og trenar i å finne teikn, tonar og ord som femner om mykje meir enn det som ein spesifikt kunne tenke høyrrer heime i gudstenestene sine rom, men som kyrkjerommet på ein særleg måte kjem oss i møte med, så vi kjenner at det vi kjem med blir teke i mot.

Vi skal ikkje tenkje lite om betydninga av det som samlar oss! Den norske kyrkja som folkekyrkje og majoritetstrussamfunn skal ha – og tek – denne rolla på vegner av det store fellesskapet med klokskap og kunnskap. I møte med det livssynsopne samfunnet må vi ikkje blir forlegne og trekkje oss attende, fordi vi trur vi ikkje kan ta den rolla. Tvert om: Vi skal be inn og innleme, og dele raust av vår arv og kompetanse. Når vi deler ord om det som er det viktigaste for oss, vår tru og tvil, gjer vi livssynsrommet, og dermed også livsrommet større.

Björgvin bispedøme er særdeles rikt med tanke på alle dei vakre kyrkjehusa vi forvaltar. Nokre er blant dei eldste vi har i landet, og vitnar om historia gjennom tusen år med lange linjer som ber bod om nærhet mellom kyrkje og folk. Det skal vi skatte høgt, og sørgje for at blir ivareteke også for komande generasjonar.

«Kyrkjebevaringsprogrammet» som vart lansert av regjeringa i sommar, imøteser vi med forventning. Og kanskje er det ikkje tilfeldig at det kjem på plass i det året vi feirer 1000 år for Kristenretten på Moster, der rammer vart sette mellom anna for utøving av det religiøse livet.

Til det treng vi kyrkjebygg! Og vi treng at dei blir tekne vare på og haldne ved like slik dei fortener, både etter alder, bruk og kulturverdi. Forvaltninga av midlane som er løyvde gjennom kyrkjebevaringsfondet, skal vere i nær dialog med rettssubjektet Den norske kyrkja, og det blir interessant å sjå korleis midlane – og tenkinga om bruken av dei – vil synleggjere ansvaret styresmaktene tek - også reint fysisk – for vår kristne og humanistiske arv.

Midlar til restaurering av middelalderkyrkjene er det tidlegare gjorde bestemningar om. Og så må vi vere i god dialog, - bispedømet, fellesråda og kommunane, om løyvingar gjennom fellesråda til restaurering, vedlikehald og drift av kyrkjene. Det er god samhandling mellom bispedømerådet og fellesråda i Bjørgvin. Og så ser vi, no seinast på Stord, det sterke bandet som er mellom kyrkje og folk, og reaksjonane som kjem til uttrykk i lokalsamfunnet når fellesrådet ser seg nøydd til å sette temperaturen så lågt i Stord kyrkje på grunn av manglande økonomi, at kyrkja i praksis måtte halde stengd i lange periodar både på denne og den andre sida av sommaren. Så har fellesrådet funne midlar som gjer at ein ikkje treng å stengje likevel. Med lovnad frå kommunen om høgare tildelingar neste år.

Men bispedømet vårt har også ein rikdom av nyare kyrkjebygg. Mange av dei er reist fordi folk har flytta på seg, nye bydelar har kome til, samlingsstader var etterlengta og naudsynte for at ein kunne bygge kyrkjelyd. Eit kyrkjehus i vår kontekst er fremst av alt merket for utøving av tru, og rom for tvil, bøn og overgjeving. Og så er dei rom for fellesskap! I

Miskunn og Sanning skal møte kvarandre, Rettferd og Fred skal kyssa kvarandre.

Salme 85

året vi går inn i, ser eg særleg fram til å vigsle den nye kyrkja som no reiser seg i Sædalen her i Bergen. – Eit hus i nærmiljøet som skal romme det gode arbeidet som alt skjer i kyrkjelyden, og som no får det bygget dei har drøymt om og lengta etter. Det er ikkje tilfeldig at kyrkja i Sædalen skal ligge midt i det pulserande livet i bydelen. Og at dørene skal vere så opne at det gjennom alle dagar i veka vil romme liv og aktivitet for tallause grupper av barn, ungdomar, vaksne og eldre. Kyrkja i Sædalen vil vere eit merke for identitet, tru og tilhøyrlighet for alle som bur der!

Men identiteten sitt rom er ikkje berre dei fysiske romma vi

kan gå inn i. Også språket og kunsten sine uttrykk synleggjer kvar vi kjenner oss heime, kva som er hjartespåret, der vi kan seie med ord, tankar og tonar det som ligg djupast i oss, utan at nokon kan seie at det er feil eller ikkje eit verdig språk.

Vi var mange som var stolte og rørde då Nobelprisen i litteratur i haust vart tildelt Jon Fosse. Han har gjeve ord og dâm til det vestlandske, og dermed også til våre trusuttrykk. Og samstundes løftar han oss inn i den store samanhengen som livet er. På sin stillfarande måte gjev han oss ord for gudslengt og gudsnærver, som blir forståeleg og som vi kan bere med oss. Slik han sa det i Nobelforedraget:

Kanskje kan eg våga meg til å snakke om heilskapens ånd, ei ånd som taler liksom både nært og fjernt. Og kva høyrer ein då, om ein lyttar godt nok etter? Ein høyrer stilla. Og slik det har blitt sagt, så er det berre i stilla ein kan høyre Guds røyst. Kva skjer med oss når identiteten vår blir forneakta? Når hjartespåret, orda vi ber med, trøystar barna våre med eller kviskrar til den vi elsker, av nokon med makt vert sagt å ikkje vere bra nok, eller endatil ikkje skulle få lyde? Kva skjer med dei som måtte fornekte seg sjølv fordi systematisk diskriminering har fått skje, med både støyande og stilltiande løyve frå styresmaktene, frå dei med autoritet og makt, ja, dessverre også frå kyrkja. Eg trur i alle fall det medfører at vi ikkje i stilla kan høyre Guds røyst!

Rapporten frå Sannings- og Forsoningskommisjonen som vart lagd fram i juni i fjor, skaka oss som kyrkje, samfunn og kulturnasjon. Systematisk fornorskingspolitikk har fått gå føre seg heilt opp i vår tid. Menneske i vårt land lever med sår og nedarva skam gjennom generasjonar for alt som er teke frå dei av språk, av namn, av land, av stillheit og varheit. Vi i vår del av landet kan tenkje at dette har skjedd – og framleis skjer - langt borte, og at det dermed ikkje angår oss. Men vi kan ikkje leve med at det framleis er slik! Det er ein lengt etter forsoning som må skje, – enno veit vi ikkje korleis det skal skje, og om og når tida er klar for det. Men eg er glad for at vi 6.februar i år, på Samane sin Nasjonaldag, igjen skal feire gudsteneste her i Domkyrkja. Dei samiske organisasjonane i Bergen er med, dei samiske språka skal høyrast. Og sidan det er Stiftsdagar i Bjørgvin desse dagane, skal kyrkja fyllast med høgtid, lydhørheit og song frå heile bispedømet.

Det gler meg at kyrkjekulturen i Bjørgvin og i Vestland fylke står sterkt. Det har også å gjere med korleis vi tenkjer bruken av kyrkjene, ressursane som finst der med instrument og profesjonelle og frivillige utøvarar, og tradisjonen for å opne kyrkjene for det alminnelege livet. I august vart Kyrkjekultur Vest skipa; eit aksjeselskap med formål å legge til rette for samskaping mellom kulturaktørar. Vi har gode intensjonar om samarbeid med Den nasjonale scene, og våre tilsette musikarar arbeider godt i samspel med andre utøvarar. Ikkje minst må vi leggje til rette for godt kulturelt arbeid for barn og unge. Det er også ein viktig veg inn i fellesskap og trusliv.

Eg meiner at kyrkja alltid har som kall å vere ei **MOTKRAFT**. Vi er gjevne ei røyst. Vi er kalla til å stå opp mot uretten som

skjer i verda, nær oss og langt borte. Det er ikkje noko vi som kyrkje har kome opp med i nyare tid. Det er djupt forankra i evangeliet om Jesus Kristus, og det har prega kyrkja gjennom to tusen år. Det vil seie – det har alltid vore der som eit kall nokon har kjent på. Men så har også makt og privilegie hjå nokre få gjort at dei som har stått opp mot uretten, har fått kjenne motkraft og utstøying.

Er det rett av kyrkja å vere politisk? Eg meiner ja, det er det. Ikkje partipolitisk, ved å knytte seg til eit bestemt politisk parti. Det gjer heller ikkje Den norske kyrkja. Men når vi har menneskeverd og skaparverk for auga, tek den svakastes side og gret med den som lid, kan ikkje nokon hevde at vi ikkje er det. På denne måten meiner eg at kyrkja skal vere politisk. Men det har skjedd ei utvikling i kyrkja på dette gjennom dei siste ti-åra. I 1980, då utbygginga av Altavassdraget skulle ta til og menneska lenka seg saman i Stilla for å kjempe i mot, var Den norske kyrkja heilt taus om støtte til dei som kom til å misse livsgrunnlaget sitt. I 2023 har Den norske kyrkja offisielt teke til orde for at dei samiske reineigarane på Fosen er påførte urett ved utbygginga av vindkraftanlegga, og gjeve si støtte til dei som kjempar for samiske rettar.

Eg meiner det også var rett at domkyrkja i november opna dørene for ein støttekonsert til inntekt for naudhjelp til menneska på Gaza. Det oppstår ei kraft mellom oss når vi kjempar for den svakaste. Ei kraft til forandring. Men det er også ei kraft mellom oss når vi let vere. Ei demonisk kraft. I jubileumsåret for Magnus Lagabøtes landslov lyfter vi fram dugleiken til dei fire guddomlege systrene slik det står i Salme 85: – Miskunn og Sanning skal møte kvarandre, Rettfærd og Fred skal kyssa kvarandre. Ved domsavseiingar skulle desse fire dygdene verte høyrte og tekne omsyn til – for at ein dom kunne seiast å vere rett.

Viss motkraft skal vere eit teikn ved vår kyrkje og samtid i dag, bør vi igjen sjå til desse omgrepa - miskunn, sanning, rettfærd og fred – som eit etisk kompass; ein romleg storleik i verda, der vi ser dei som ei forplikting vi kan og skal legge på vår samtid. Då kan vi heller ikkje sjå bort frå at det kan ha ein politisk implikasjon.

Til sist: Kyrkja må vere eit rom for **MEDKJENSLE**. Kyrkjerommet som samlar oss i ettermiddag, domkyrkja, er i kraft av å ha vore fransiskanarane si kyrkje eit diakonien sitt rom, der munkane og prestane tok omsorg for dei fattige, dei sjuke, dei som ikkje kunne ta vare på seg sjølve. Som Jesu Kristi etterfylgjarar på jorda såg dei som hadde si teneste her, det som si viktigaste oppgåve å gjere Jesu hjerteslag høyrbare i verda.

Det er mykje god omsorgsteneste i kyrkja i Bjørgvin. På ein fagdag i november for alle diakonane i bispedømmet, fekk eg verkeleg innsikt i noko av alt det gode arbeidet som vert gjort. Mykje av det høyrer vi ikkje så mykje om. For diakonien skjer i det stille, i rom mellom oss av smerte og einsemd, der menneskelivet er på det mest krevjande. Det er også det som gjer det truverdig.

Og då er det igjen fint å vise til kong Magnus, og hans genuine vilje til Kristusetterfylgjing – som i sitt inste vesen inneber å ikkje vere redd for å vere der lidinga er. Dei som har ressursar, kan prate for seg, – dei fattige kan ikkje det. I kong Magnus si lovgjeving, han som var oppdratt i at for å fylgje Kristus, skal ein leve som den fattige; der Kristus er den fattige sitt ombod, som også helgenane er det. - Heilag Olav td., som denne kyrkja er vigd til. Eit ombod er likestilt og talar saka for den fattige. Guds standard er at dei fattige skal få sin rett. Her gjeld ikkje den sterkastes rett, men rettferda.

Kyrkja kan ikkje åleine vise medkjensle. Saman med alle gode krefter i samfunn og frivilligheit, må vi stå saman. Berre slik kan vi seie å vere ei truverdig kyrkje!

I all vår verksemd meiner eg at desse fire verdiane eg no har løfta fram, er tilstades i kyrkja slik ho lever i Bjørgvin: Med rom for tru. Som gjevar av identitet. Med motkraft til forandring. Og med kall til medkjensle. Må Gud gå med oss alle på den vegen!

Her kan du
høyra talen på
mobilen din!



Siste nytt om Betel


Grappa som har teke ansvar for å finna ei løysing på framtida til Betel, har i møte med andre interesserte og fagpersonar kome fleire steg vidare. Å finna ei løysing er i alle si interesse! For at dette skal skje, må ein del praktiske ordningar og formalitetar på plass. Det vart halde oppdateringsmøte den 5. februar, og nytt møte vert den 4. mars. Så her er konkrete tankar om ei løysing, dersom folk viser interesse! I april – mai vert du invitert til eit ope møte. Då må du koma for å høyra idéar om framtida til Betel, som er eit av dei eldste kulturbygga i Ulvik. Arbeidsgruppa vil svært gjerne høyra dine reaksjonar, og kanskje du har tankar ingen har tenkt før? Eller vil du at bygget berre skal rivast? Kunngjering av tid og stad for det opne møtet vert annonsert seinare. Fylg med!



FREDAG 9. FEBRUAR ULVIK

Bildekonsert i Ulvik kyrkje

Organisten frå Ulvik, Edyta Bryk, og organisten frå Eidfjord, Krzysztof (Kris) Ulita, inviterte til ei hyggeleg og avslappande stund i Ulvik kyrkje, fredag 9. februar. Her baud dei på levande musikk og visuell presentasjon. Edyta spelte avslappande pianomusikk, mens Kris viste bilete laga av kona si, foto-kunstnar Ewa Ulita på skjermen. Både fantastiske landskapsbilete og nærbilete av blomstrar kom forbi. Takk for at du lèt oss bli med deg på turen, svevande til lyden av pianomusikk, over det vakre landet vårt.



Familiegudsteneste



Kor frå Utne ungdomsskule.

TEKST OG FOTO: WILLEMINA VAN MANEN

Søndag 11. februar kl. 11.00 inviterte Ulvik sokn til familiegudsteneste i Ulvik kyrkje.

Det var mykje aktivitet denne søndagen. Alle reiste seg då soknepresten Anne Marthe Ulvik og jentene i koret kom inn i kyrkja i prosesjon. Jentene frå koret til Utne ungdomsskul song fire songar med dei fine stemmene sine. Linda hadde ansvaret for søndagsskulen og viste alle i kyrkja kva barna hadde laga. Etter gudsteneste var alle invitert på kyrkjekaffi, medan jentene i koret fekk pizza på kyrkjekontoret.



Små og store på juletreffest på omsorgstunet

Laurdag 6. januar, 13. dag jul, vart det arrangert juletreffest for barnefamiljar.

TEKST: UNNI SOLEM

BILETE: WILLEMINA VAN MANEN

Arrangementet var førebudd og gjennomført i eit samarbeid mellom Ulvik Bygdekvinnelag og Soknerådet. Vi inviterte til kantina ved Ulvik omsorgstun. Det var naturlegvis spanande å sjå kor mange som ville koma på ein laurdag ettermiddag. Vi hadde dekkja bord til 50, og det kom over 70! Så i all hast vart nokre fleire bord rigga til. Ungane hadde 2-3 korridorar dei kunne springa i utan å forstyrre dei som bur ved omsorgstunet, og desse korridorane vart godt utnytta! Fleire av bebuarane ved omsorgstunet deltok på festen, og det er nok lenge sidan dei har hatt slik liv og røre omkring seg.

Programmet var tradisjonelt:

Julesongar med pianoakkompagnement (takk til Elin). Presten vår Anne Marthe las ei juleforteljing om då museungane frå «Musevisa» ville opp i stova for å sjå eit skikkeleg juletre. Så var det servering av julebrød, pepparkaker, klementimer, saft og kaffe. Praten gjekk og alle hygga seg.

Store og små gjekk så rundt juletreet, og riktig livleg vart det med klappeland og hinkeland og så går vi rundt om ein enebærbusk. Til slutt kom nissen med godsaker i sekken sin. Det vil sei, det var nissekona som kom. Ho hadde «mista» nissefar denne dagen, men klarte oppgåva godt (takk til Linda)!

Alle var samde om at det vart ein fin fest, og dette vil vi ha som ein årleg tradisjon.

Til neste år lovar vi å venta med å starta programmet til kvart over annonsert tid. Soknerådsleiaren seier seg lei for at ho hadde gløymt kor mykje armar og bein, finklede og logistikk som er involvert når barnefamilien skal ut dørane! Ho vart minna om korleis det var på 1980-talet, då ho kom til gudsteneste i Laksevåg kyrkje saman med mann og barn – litt for seint, nesten alltid. Der sto kyrkjetenar Trygve i våpenhuset, og han smilte med hovudet på skakke og sa med si høflege bergensstemme, kvar gong: «Ja, vi måtte nok begynne vi».

Takk til alle som kom, og vel møtt neste år!



Fem kjappe

– bli kjent med vårt nye sokneråd



Frå venstre til høgre: Ann Kristin, Kari, Gunn Karin, Kjellaug, Hans, Hilde Anette. Ole-Johnny var ikkje der når bilete vart teke.

Tre ord du forbind med Eidfjord kyrkje?

Ann Kristin Steinhovden Wathne

- Kyrkja er for alle, frå småborna til dei eldste i bygda.
- Gode inkluderande møteplassar med mykje variert innhald.
- Gode engasjerte medarbeidarar.

Gunn Karin A. Kjerland

- Aktivitetar for barn, unge, vaksne
- Serviceinnstilt stab, dyktig stab
- Flott kyrkje – arbeidskyrkje

Ole-Johnny Odland

- Aktiv
- Samlingspunkt
- Musikk

Hilde Anette Bu

- Musikk
- Godt humør
- Barn & unge

Kjellaug Enge

- Inkluderande
- Barne- og ungdomsarbeid
- Ferie utan koffert

Kari Tveit Hovland

- Open
- Romsleg
- For heile bygda



Det nyvalde soknerådsmedlemet si bøn

Kjære Gud, eg er uforskyldt hamna i soknerådet, har du nokon tankar om koreis eg kan koma ifrå det? Det er liksom ikkje heilt mitt komfort-område, usikker til tusen, kan ikkje språket der – vil dei andre sjå det? Eg har ikkje heilt skjønt dette med synd og med nåde, og kva stilling ligg ein i når ein ligg i synd og våde? Eg balar litt her, men så er eg no og frå Hardanger-området; og me hardingar kjem no eingong ofte litt i unåde. Eg går no på ein fest og eg, sjølv om du sikkert vil frårå det, - det er ikkje nett «Fjorden Cowboys», - men det liknar litt på det. Kan eg høve inn i dette kristelege soknerådet? Vert ikkje det ein kulturkræsje av dimensjonar tå det? Så Gud, eg vil no prøva, eg, - og rett og slett sjå på det; vervet er mitt – eg kan ikkje godt lata andre få det? Og Gud, du må i alle fall vera snill og sjå til meg i nåde for eg har jo også hamna i fellesrådet...

Olav Skeie Lid



HÅP I EIN DRÅPE VATN

Nesten 800 millionar menneske lever utan tilgang til reint vatn i verda i dag på grunn av jordskjelv, turke, flaum, krig eller konflikt. Kirkens Nødhjelp jobbar med akutt hjelp i katastrofar og med langsiktige prosjekt for å redusera naud og fattigdom i verda. Me arbeidar for fred og rettferd, og for å redde liv.

I fasteaksjonen samlar me inn pengar til dette livsviktige arbeidet, med særleg fokus på tilgang til reint vatn og dei enorme ringverknadene dette har for eit menneske. Aksjonsdagar dette året er 17.–19. mars 2024.

Sjå vidare informasjon i ditt sokn!

*Helsing konfirmantar, sokneprest Anne Marthe Ulvik
og aksjonsnemnda i Ulvik sokneråd*

Innsamling i Eidfjord søndag 17. mars, Ulvik mandag 18. mars.



Kva skjer i Eidfjord kyrkje?

Lurar du på kva som skjer i Eidfjord-kyrkja fram til sommaren? Då bør du lesa vidare her. Ingeborg og Manuela har mange planar og idéar. Dei fleste tilbod er gratis, og ein må ikkje vere medlem i den norske kyrkje får å kunna vera med. Alle er velkomne!

SMÅBARNSKAFÉ: kvar onsdag kl. 11:00–13:30

Alle med småbarn heime, som har tid og lyst er velkomne til småbarnskafé. Det er veldig sosialt. Me et, pratar, ler i lag, og av og til blir det songstund. Alle er velkomne uansett kva språk du snakkar.

FAMILIESONG: ein gong i månaden, torsdag kl. 17:00–18:00 (15.02. / 21.03. / 18.04. / 23.05.)

Familiesong er til heile familien. Me møtest i spiserommet i kontordelen til felles song tilpassa til dei minste. Det er tid for både leik for barna og kaffiprat for dei vaksne. Ingeborg har ansvar for songstunda.

MINIKYRKJE: første torsdag i månaden kl. 16:00–17:30 (01.02. / 07.03. / 04.04. / 06.06.)

Alle familiar med barn i barnehagealder eller førsteklassingane er velkomne. Det er middag, leik, song og forteljarstund. Ein koseleg ettermiddag for små og store.

PÅSKEVANDRING: Før påske blir barnehagen invitert til kyrkja. Her skal me på påskevandring og fortelja om påskeevangeliet.

PÅSKEMYSTERIET: 3.-4. klasse: tysdag 12.03.

kl. 14:10–16:00 / 1.-2. klasse: tysdag 19.03. kl. 14:35–16:00
Småtrinnet-elevar blir inviterte til påskemysteriet. Me skal finna ut kvifor me feirar påske, og kva som skjedde med Jesus for 2000 år sidan. Det blir nok tid til leik og moro og litt kreativitet.

MINIKONFIRMANTAR: onsdag 24.01. kl. 17:00–19:00 (Ullensvang kyrkje), onsdag 14.02. kl. 17:00–19:00 (Kinsarvik kyrkje) og leir i Eidfjord kyrkje laurdag 16.03.–søndag 17.03.

Minikonfirmantar er alle som går i 5. klasse. I år samarbeider me med Ullensvang og Kinsarvik sokn. Difor er det samlingar på forskjellige plassar.

LYSVAKEN: laurdag 16.03. – søndag 17.03.

5. og 6. klassingane blir inviterte til å overnatta i kyrkja. I år blir Lys Vaken og minikonfirmantleir slått saman til eitt arrangement.



Ingeborg og Manuela

JORDVENN: tysdag 23.04. kl. 17:30–19:00 / tysdag 21.05. kl. 17:30–19:00 og leir laurdag 01.06. – søndag 02.06.

Jordvenn er for alle ungdommar i 6.-8. klasse. Me skal vera mykje ute i naturen, sova i lavvo og vera kreative. Årets tema er Kong Olav og kristendommen. Det er nemleg 1000 år sidan kristendommen kom til Noreg gjennom Kong Olav. Det kan godt henda at det blir litt vikingstemning på aktivitetane. Meir informasjon kjem seinare.

KONFIRMANTAR: annan kvar tysdag kl. 14:10–15:30.

Leiren er i lag med Ullensvang sokn og Kinsarvik sokn 08.–10.03.24. Diakoni

KYRKJEKAFFI: Etter kvar gudsteneste er du hjarteleg velkommen til å bli igjen for ein kopp kaffi/te og ein god prat med oss.

FERIE UTAN KOFFERT: Første tysdagen i månaden (Februar-Mai) kl. 10:00–14:00

Alle som har lyst og høve til å vera med. Det er forskjellig program, god tid til å prata med kvarandre og felles middag.

NYTT PROSJEKT: Er du interessert i kjøkkenhagen? Då burde du følgja med. Det kjem nemleg snart eit nytt prosjekt med Ingeborg. Meir informasjon kjem.

Du er alltid velkommen til å koma innom kyrkjekontoret. Ein av oss har alltid tid til ein kopp kaffi/te og ein prat!

Syns du nokre prosjekt høyrest spennande ut, og du har lyst å vera frivillig? Ta kontakt med Manuela eller kyrkjekontoret.

EG TRUR BERRE DET EG SER

ROLF SITT
FORTELJARHJØRNE

TEKST: MANUELA BJOTVEIT ETTER JOH 20,19-29

Plutseleg stod Jesus midt blant venene sine. Jesus stod opp frå dei døde. Men venene hadde ikkje sett Jesus ennå. Venene hans kunne ikkje tru at Jesus levde.



Åtte dagar etter påske var alle venene til Jesus samla. Berre ein mangla. Dette var Tomas. Tomas var ikkje der. Venene til Jesus var fulle av angst. Fordi fiendane har drepe Jesus. Venene låste alle dørene. Plutseleg stod Jesus der. Jesus stod midt mellom alle venene sine. Jesus sa til dei: «Fred vere med dykk.» Venene såg sâra til Jesus. Dei blei så glade. Jesus levde. Dei hadde det fint i lag.

Etter Jesus hadde gått, kom Tomas. Venene, sa til Tomas: «Me såg Jesus.» Tomas sa: «Det kan ikkje stemma. Jesus er død. Eg trur ikkje at Jesus var der. Eg kan berre tru det, når eg ser Jesus sjølv. Og når eg ser alle sâra hans etter krossfestinga. Eg må ta på Jesus før eg kan tru at han lever.» Etter ei veke var igjen alle venene samla. Tomas var denne

gongen òg med. Dørene var låste. Då kom Jesus. Plutseleg stod han midt blant venene sine. Jesus sa: «Fred skal vere med dykk!» Jesus gjekk rett bort til Tomas. Han viste Tomas hendene sine. Tomas kunne sjå sâra i hendene til Jesus. Jesus sa til Tomas: «Her er hendene mine. Ta på dei.» Jesus viste òg sâret på hjarte-side. Tomas kunne sjå det. Tomas kunne ta på sâra. Då blei han full av glede: «Du er verkeleg Jesus.» sa Tomas. «Jesus. Min Herre. Og min Gud.»

Jesus sa til Tomas: «Du trur no fordi du såg meg. Andre menneske kan ikkje sjå meg. Men dei trur likevel at eg lever. Desse menneska kan verkeleg gleda seg.»

FINN FRAM FARGEPLYANTAR



Ny leiar i Ulvik sokneråd

Unni Solem er eit kjent namn i Ulvik. Ho høyrer til «urfolket» i bygda. Me må i alle fall takka for at ho har passa på helsa vår i snart ein menneskealder! I kyrkjeleg samheng har ho vore ein god støttespelar, mellom anna som klokkar.

TEKST: REDAKTØR STEINAR I. BERGO

No skal ho i tillegg vera soknerådsleiar, og for å stilla forvitenskapen til lesarane har redaktøren gjort eit «pistolintervju» med Unni:

For nye lesarar må me vel ta til med å spørja om kva år ho kom til Ulvik?

Eg kom til Ulvik i ein kuldeperiode i januar 1987. Med mann og born på 5 og 2 år, og den tredje nett i emning. Vil vel sei eg er første generasjons innvandrar. Vi busette oss på Hjeltnes, først i kommunal bustad og så i sjølvbyggt hus i desember 1988. Vi hadde flytta så mange gongar, så no ville vi ha en 10-årsplan. Det vart litt lenger.

Du har gått gradene i helsevesenet i Ulvik! Kan du kort skissera korleis det heng i hop?

Først fekk eg ei nyoppretta stilling som «kommunelege 2». Etter nokre år rykte eg opp til «kommunelege 1», som det heitte den gongen. Eg har alltid hatt ei kombinert stilling med pasientarbeid og administrativt i tillegg, og begge delar synest eg er gjevande og utfordrande. Titlane har skifta til fastlege og kommuneoverlege, og oppgåvene har helst auka på i både pasientretta arbeid og administrativt. Det er større krav og forventningar frå mange kantar no enn då eg var ung og nyutdanna. Difor må ein læra så lenge ein held på i dette yrket. Som i mange andre yrke og, for så vidt. No er eg forresten på nedtrapping, har gitt frå meg fastlegelista og er 50% AFP-pensjonist.

Men fokuset er på kyrkjeleg samheng i dette intervjuet, så me må ta til med sjølve kyrkjebygninga. Du har sett det gjennom lang tid. Kva syntest du ved fyrste blikk, og har du endra synet på det?

Eg har heilt frå første stund likt kyrkja som ligg der som eit smykke midt i bygda. I starten tykte eg det var vel glorete dekorert innvendig, det må eg vera ærleg på. Eg fann liksom ingen plass eg kunne kvila blikket. Men etter kvart er eg blitt svært glad i trehandverket og dei varme fargane i rosemålingane. Det har blitt mi kyrkje også, der eg kjenner at

eg har «ein heim i di kyrkje på jorda» som det står i liturgien ein plass.

Eg nemnde i innleiinga at du har vore klokkar, men kva andre område har du vore aktiv på?

I kyrkjeleg samheng har eg vel helst berre vore ein aktiv kyrkjegjengar. Og i yngre dagar song eg ved ulike høve, både i kor og åleine. No deltek eg helst i salmesongen, og det med glede. Salmane er ein skatt eg alltid har samla på. Om eg så vert gamal og gløymensk, trur eg tekstane og tonane vil vera der og kan kallast fram att.



Soknerådsleiar
Unni Solem.

Kva oppgåver får du som soknerådsleiar?

Ja, sei det. Eg held framleis på med å finna ut av det. Det er mykje å setja seg inn i om korleis kyrkja er organisert, og kva lover som gjeld. Eg skal i alle fall leia soknerådsmøta, samarbeida med kyrkjeverje Wilma og med presten vår. Soknerådet i Ulvik er òg kyrkjeleg fellesråd, så vi har ansvar både for det indre livet til kyrkjelyden, og for økonomien og tilhøvet til heradet, forvaltning av kyrkja sine bygningar og meir til. Eg skal på kurs og læra meir om ansvaret den 31. januar, bispedømmet arrangerer opplæring for dei nye sokneråda.

Kva meiner du er viktig for Ulvik kyrkje i dei næraste åra?

Når det gjeld innhaldet i det kyrkja driv med, så er det viktig at vi legg til rette for arbeidet med born og unge. Jorunn og

Biskopen inviterte til fest!



Staben frå Eidfjord og Ulvik. Anne Marthe Ulvik og Kris Ulita var også med, men var ikkje til stades då me tok bildet.

Linda er dyktige medarbeidarar her, og eg vil gjerne støtta opp om det som dei tek initiativ til. Barnekroken i kyrkja fungerer så fint! Og at kyrkjehuset kan nyttast til babysong gler eg meg over. Så har soknepresten vår teke initiativ til litt annleis gudstenester innimellom, og det vil eg gjerne vera med på. Eg er glad for at så mange i bygda opplever kyrkja som ein naturleg stad å koma både i glede og i sorg. Så ønskjer eg meg at vi kunne vera nokre fleire som legg turen til kyrkja også på dei vanlege søndagane. Vi vil ha kyrkjekaffe oftare, slik at folk får helst på kvarandre og prata litt før ein går kvar til sitt. Sjølv sagt er det lov å velja vekk kaffe og prat om ein ikkje kjenner seg opplagd til det. Kyrkjerommet er der òg for stille ettertanke, for å berre vera tilstades og freista finna eit trygt omdreiingspunkt i livet sitt.

Når det gjeld kyrkjebygninga, så ser nok alle at «kirken, den er et gammelt hus». Ho treng sårt til reingjering og måling. Det vert den største oppgåva dei nærmaste par åra,- ein stor og kostbar jobb, som først må lysast ut på anbod og så finansierast og gjennomførast. Kanskje må vi starta ein spleis for å få det til?

Du og Finn Gjerde får eit viktig oppdrag i den lokale redaksjonen for «Brubyggjaren». Som redaktør emeritus har eg tenkt at de vert ein god duo, begge i soknerådet og begge i redaksjonen. To gode støttespelarar i kyrkjeleg samanheng. Finn er ikkje den som likar best å skriva, men han har gripe fatt i mange praktiske oppgåver, og har god kontakt med folk. Han har tidlegare funne saker og personar å skriva om i bladet. Ein sluttkommentar med utgangspunkt i det siste?

Ja, eg tykkjer Brubyggjaren er viktig. Og eg skriv gjerne nokre innlegg eller finn anna stoff. Men eg er ikkje så god på å ta bilete eller redigering og slikt. Nokre meiner gjerne at eit fysisk kyrkjeblad er gamaldags, og at ein heller kan gå over til fulldigitale informasjonsløysingar. Eg er av det gamaldagse slaget som likar å bla i bladet! Men det er og viktig med den digitale informasjonen som kyrkjeverja sender ut om komande arrangement via heimesida til Ulvik sokn www.kyrkja.no/ulvik og andre sosiale media, som påminning til oss om det som skal skje.

Eg takkar for intervjuet og ynskjer lukke til med arbeidet!

Den 6. og 7. februar trefte staben frå Ulvik og Eidfjord sokn kvarandre på Stiftsdagar i Bergen. Tilsette i alle sokn i bispedømmet var invitert til dagar med inspirasjon og undervisning, som gjorde at over 500 personer var samla frå heile fylket. Det var ikkje lett å finna kvarandre, når ein først miste kvarandre av syne. Biskop Ragnhild Jepsen og Finn Tokvam åpna med ei open og ærleg samtale om livet, med ein god sans for humor og sjølvironi.

Tysdag 6. februar vart samane sin nasjonaldag feira med gudsteneste i Domkyrkja. Ei veldig spesiell og imponerende fin oppleving. Tekstane vart lesne på norsk og samisk, og salmane vart sungne på to språk samstundes. Det vart joika, og det var nesten så taket løfta seg, då lyden av musikk og song frå dei samiske songane gjalla i den eldgamle, ærverdige kyrkja.

På onsdag kunne me velja mellom forskjellige seminar, og etter lunsjen snakka Jørn Øyrehagen Sunde entusiastisk og fengjande om kristninga i Noreg. I år feirar me 1000 års jubileum for kristenretten i Noreg. Dette er ei hending som i stor grad har gjort samfunnet i landet vårt til det det er i dag. Dette vert markert over heile landet! Hovudmarkeringa skjer på Moster 2. juni!



Her kan du lesa meir om Kristenretten, sjå filmar og annan materiale frå arbeidet med kristenretten sitt 1000-års jubileum.



Dette vart laga av mange hender på jolemessa i Fleirbrukshallen i Ulvik.

Som dagane går...

Døypte

Eidfjord

Mari Hereid

Avlidne

Ulvik

Arnt Johan Mediå, fødd 1951

Rolf Kjosås, fødd 1948

Eidfjord

Sigrid Tøn Bu, fødd 1942

Signe Gyrid Midtbø Sæbø, fødd 1967

Gjertrud Kvamsdal, fødd 1933

Redaktøren takkar for seg

Sluttord om «Brubbyggjaren» og rolla som redaktør.

Det er ei tid for alt, og no har eg trong for avløyising. Diskusjonen om å redusera talet på «Brubbyggjaren», reagerte eg negativt på! Eg meiner det er eit viktig kontaktorgan både for folk i bygdene og for utflytte bygdefolk, «Brevet heimanfrå», som ein skreiv til meg. Eg meiner fire blad årleg trengst for å informera om det som skjer i kyrkjeleg samanheng. I tillegg er det viktig å halda liv i kyrkjeleg soge, kultur, minne, gje dei stille noko å tenkja på og gjerne ei røyst. Det er viktig å nå dei som sjeldan går i kyrkja! Eg har god tru på dei nye redaksjonane i Ulvik og Eidfjord, og vonar dei vil gje meir aktivitet i arbeidet med bladet!

Hjarteleg takk! Til alle gode kontaktar og for hyggelege tilbake-meldingar!

Lukke til med jobben alle sammen, slava «Brubbyggjaren!!»

Steinar I. Bergo

Redaktør «emeritus»



Ulvik kyrkje.

Gudstenesteliste

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
10.03.2024	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Barna's Påskefest, familiegudsteneste,
20.03.2024	17:00	Onsdag	Ulvik kyrkje	Kvardagsmesse, årsmøte + kyrkjekaffi
24.03.2024	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Palmesundag + søndagsskole
31.03.2024	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Høgtidsgudsteneste m/nattverd
14.04.2024	16:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
03.05.2024	18:00	Fredag	Ulvik kyrkje	Samtalegudsteneste m/konf
09.05.2024	11:00	Torsdag	Ulvik kyrkje	Kristi Himmelfartsdag
12.05.2024	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste
17.05.2024	09:30	Fredag	Ulvik kyrkje	17.mai feiring
20.05.2024	11:00	Måndag	Osa	2. Pinsedag, Friluftsgudsteneste Osa, kyrkjekaffi
09.06.2024	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste m/nattverd
23.06.2024	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste Midsommermesse, kyrkjekaffi
21.07.2024	16:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste
11.08.2024	11:00	Sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste (dåp/nattverd)
01.09.2024	16:00	Sundag	Granvin kyrkje	Historisk vandring, kyrkjekaffi



Du kan bruka Vipps ved ofringa og ved gaver.
Vipps Ulvik kyrkje:
125390

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
29.03.2024	11.00	Fredag	Eidfjord kyrkje	Langfredagsgudsteneste
31.03.2024	11.00	Sundag	Liseth	Utegudsteneste
21.04.2024	11.00	Sundag	Eidfjord kyrkje	
02.05.2024	18.00	Torsdag	Eidfjord kyrkje	Deltakingsgudsteneste
04.05.2024	12.00	Laurdag	Eidfjord kyrkje	Konfirmasjon
17.05.2024	11.00	Fredag	Eidfjord gamle kyrkje	17. mai-gudsteneste
02.06.2024	11.00	Sundag	Gapahuken i Simadal	Utegudsteneste
23.06.2024	11.00	Sundag	Skulehuset på Bu	

Du kan bruka Vipps ved ofringa og ved gaver.
Vipps Eidfjord kyrkje:
661653

Vil du ha SMS med påminning når det er gudsteneste i Eidfjord kyrkje?
Ta kontakt med kyrjekontoret telefon 53 66 52 51 eller e-post post@eidfjordkyrkje.no så set me deg på lista!





**Har dere rom for en til i familien?
Nå er det behov for flere fosterhjem
i ditt nærområde.**

Det er mange trygge, gode familier med stor evne til omsorg i Bergensområdet. Har dere plass til en ekstra rundt middagsbordet?
Kan dere gjøre en forskjell i livet til et barn eller en ungdom? Den norske kirke samarbeider med Fosterhjemstjenesten i Bergen om å finne fosterhjem.

Ta kontakt for mer informasjon om hva det vil si å være fosterhjem. Det er helt uforpliktende. Les mer på

fosterhjem.no



fjell & fjord
KAFE • KREKNERI

Vårt Fjell & Fjord Hjerte er takknemlig;



Lokal handel gir livsgnist!

Velkommen til Eidfjord

www.effh.no / 53 66 52 64

GRAVFERDSTENESTER

inst i Hardanger

Handel & Handverk - Wollert Nordahl - 5730 Ulvik

Me hjelper gjerne til med det som pårørende ynskjer

hjelp til etter eit dødsfall, slik som

- transport av bære (også henting på sjukehus)

- lysingar, gravferdssongar,

og andre praktiske ting med papir og

seremoniar.

Eg er å treffa til nesten alle døgnets tider

på tlf. 56 52 64 47

mob. 952 10554 / 952 13375

BLOMABUTIKKEN

5730 Ulvik – Tlf. 56 52 64 47

Me tek i mot tingingar
av blomahelsingar til alle høve,
i glede og i sorg.

I samband med dødsfall

kan me levera

blomahelsingar til dei pårørende,

kransar

båredekorasjonar

bårebukettar.

Me tek også på oss pynting av kyrkja.

Me tek gjerne på oss
pynting og stell av graver.

GRAVMINNE

Me leverer og monterer gravminne

i samarbeid med

EIKNER 
NATURSTEIN AS

(også oppussing av eksisterande steinar)

Ta kontakt med

Wollert Nordahl - Ulvik - tlf. 56 52 64 47

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 – www.ulvikbygg.no



ULVIK 
 **VVS**
Tlf. 913 77 113 E-post: rolf@ulvikvvs.no

Maskinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands **VIRKE**
GRAVFERDSBYRÅ **GRAVFERD**

56 51 11 94 / 415 54 522
www.vinsand.no

FJORDTIND
HOTELS

Velkomen til oss på Brakanes Hotel i Ulvik
og Quality Hotel Vøringfoss i Eidfjord

Hjå oss kan de feira dei store dagane i livet, koma saman i trivlege lokale
og få servert både tradisjonsrike og spanande matopplevingar.

Brakanes Hotel: 56 52 61 05 // brakanes@fjordtindhoteles.no
Quality Hotel Vøringfoss: 53 67 41 00 // qvoringfoss@choice.no

ULVIK BENSIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89
Mob. 907 54 533



**Det finst mange
små og store draumar
på Vestlandet**

No lanserer vi **kundeutbytte**, så
endå fleire draumar kan bli verkelege

Sparebanken Vest er ikkje som andre bankar, hos
oss er kundane den største eigaren. Alle kundar
med lån eller innskot får delen sin av overskotet,
direkte utbetalt til seg og sine.

Les meir på spv.no/kundeutbytte

 SparebankenVest



Ut på tur, aldri sur

Påske. Kva er det du tenkjer på når du høyrer ordet? Jau, då. Skinande sol, kvite fjell, ski på beina, kvikklunsj, appelsin og kakao i sekken.

Me satsar akkurat på strålende påskesolvêr og inviterer deg til utegudsteneste på 1. påskedag kl. 11:00 på Liseth. Kor ofte kan du ta ski til gudsteneste? Ikkje så ofte, men i påska altså. Rett frå hytta.

Etter gudstenesta er du invitert til kyrkjekaffi. Er det dårleg vêr, skal gudsteneste og kyrkjekaffi vera inne i pensjonatet. Me gler oss til å møta akkurat deg på påskefjell-gudsteneste.

Påskegudsteneste 2024
Søndag 31. mars kl. 11:00
Liseth pensjonat og hyttetun

